



Lena Melanie Steinhoff

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2485 - 16/1906

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen

anne.lise.olsen@meland.kommune.no

02.02.2016

Ang. plassering av bustadhus mm.

Me viser til dine e-postar av 19.1.16 og 25.1.16.

Det er ikkje nødvendig å ta stilling til kva hus de skal byggje før de lagar soldiagram og siktmålingar dersom husa de vurderer er om lag like i storleik og form.

De treng ikkje å nabovarsle same eigar meir enn ein gong, og naboliste kan bestillast på oppmålingskontoret her i kommunen der kontaktperson er Anngunn Marie Gullbrå.

E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Utviding av byggjegrensa vil kunne påverke naboane Kamil Daibes og Marit Suzanne Tøgersen sin eigedom når det gjeld utsikt- og soltilhøve, men utan at ein har klar dokumentasjon for beste løysing for plassering av desse bustadane innbyrdes. De bør difor gå i dialog med naboen som har klaga, slik at de saman kan finne beste løysinga og verte einige.

Fagperson lyt elles utarbeide siktmålingar og soldiagram for dei ulike alternative plasseringane, og vil kunne hjelpe dykk å finne beste plassering for begge partar, men naboen dykkar og de lyt verte einige om kva som er den beste plasseringa.

De kan søkje på nytt om ein ved siktmåling og soldiagram får dokumentert beste plassering for dei to bustadane samla, og der det er einigheit om dette.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen

Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kopi til:

Anngunn Marie Gullbrå

Mottakere:

Lena Melanie Steinhoff